

Saksframlegg

Saksnr

Utval

Møtedato

Komiteé for oppvekst og utdanning

KULTURSKOLEUTVALGET SIN RAPPORT KULTURSKOLE FOR ALLE - HØYRINGSTUTTALE

Framlegg til vedtak:

Komiteen sluttar seg til høyringsuttalen slik den ligg føre i saksframstillinga.

Vedlegg

Kulturskoleutvalget 07.09.2010: Kulturskoleløftet - Kulturskule for alle

I Kulturløftet II, som er regjeringa sine felles prioriteringar for norsk kulturpolitikk, heiter det m.a.:

2. Kulturskole for alle barn som ønsker det

Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling.

Det vart i statsbudsjettet for 2010 satt av 40 mill. i stimuleringsmidlar i samband med kulturskuleutvikling. Det vart hausten 2009 også nedsett eit utval som skulle utreie "utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole".

Ein god rapport

Stord kommune meiner at rapporten i utgangspunktet er god, den har interessante oppsummeringar, analyser og forslag, og den vil forhåpentlegvis bli ein viktig reiskap for vidare utvikling av kulturskulane. Stord kommune støtter utvalet sine forslag slik dei går fram av punkta nedanfor.

Stimuleringsmidlar.

Det er også svært positivt at regjeringa sette av 40 mill. både i 2010 og i budsjettet for 2011 til kulturskuleutvikling, sjølv om det må påpeikast at dette ikkje er tilstrekkeleg for å oppnå ei utvikling i kulturskulane slik det vert beskrive i Kulturløftet II. Det er difor eit håp, slik utvalet skriv i pkt. 8.3, at summen vert auka dei komande åra. Det er også eit ynskje om at det i tillegg til prosjektmidlar som det kan søkast på også vert avsett midlar til ei fordeling ut frå ein fordelingsnøkkel, som kan gå til generell styrking, reduksjon av ventelister og reduksjon av pris. (jfr. til pkt 8.3, 1.5.6 , 1.5.7, 7.4).

Kunstfaga sin stilling i skulen.

Utvalet peikar på at kunstfaga sin relative tilbakegang i grunnopplæringa og i lærarutdanninga for grunnskulen er svært uheldig. Ein ynskjer å gje høve til å velje kunstfag i ungdomsskulen, og ein ynskjer å innføre kompetansekrav for å undervise i kunstfag. Sjølv om dette i hovudsak handlar om grunnskulen vil det være viktige tiltak også med tanke på kulturskuleutvikling (jfr. kap. 1.5.1, 2.3 og 3.2).

Styrkingstiltak ut over 1.-4.klasse alder.

Utvalet peikar på at stimulering og utvikling av kulturskulen må ha eit større perspektiv enn berre 1.-4. klasse, sjølv om mandatet legg størst vekt på det. Det er svært viktig for samspelet mellom talentutvikling og breiddesatsing (jfr. kap 1.5.2, og 2.6).

Høve til varierte samarbeidstiltak.

Utvalet konkluderer med at det er mange og varierte høve for samarbeidstiltak. Det er viktig at det finnes lokale tilpassingar. Det vert også rådd til endringar i Opplæringslova som gjer det lettare å få til modellar kor kulturskuleelevar kan takast ut av ordinær grunnskuleundervisning (jfr. kap. 1.5.3).

Kompetanse.

Kulturskulelærarar sin kompetanse er avgjerande for å skape god kvalitet. Det må sikrast både gjennom utdanningssystemet, og ved å legge til rette for gode stillingar lokalt, m.a. kombinerte stillingar (jfr. kap. 1.5.5). Stord kommune støttar dette ynsket.

Forskrift.

Utvalet føreslår i rapporten at det vert laga ei forskrift for kulturskulen, knytt til § 13-6 i Opplæringslova. Som vedlegg til rapporten ligg eit forslag til forskrift som ville kunne bli ein fint reiskap for utvikling. Den gir ein del rammer for verksemda, samstundes som den gir rom for lokale tilpassingar (jfr. kap. 1.5.8 , 7.4, Vedlegg A).

Kunsten sin eigenverdi.

I kap. 3 i rapporten vert kunst og kultur sin verdi og rolle i grunnutdanninga drøfta. Det er verdt å merke seg utvalet si vektlegging av kunstens sin eigenverdi (kap 3.1 og 3.4).

Kulturskulen som kommunalt ressurscenter og kjerneverksemda.

Utvalet behandlar kulturskulen som ressurscenter i kap. 3.6, og poengterer at i mange kommunar har kulturskulen blitt den sentrale institusjonen for å bygge opp kunst- og kulturkompetanse. Samstundes seier utvalet at kulturskulen si kjerneverksemd må ha ei sentral rolle i den framtidige kulturskuleutviklinga (kap. 6.1).

Talent.

Kulturskulane har i alle år hatt breiddetilbod som hovudmålsetjing, ein har ynskt å gje eit tilpassa tilbod til flest mogeleg. Men det har dei siste åra blitt auka fokus på talent, og det naudsynte i å gje høve for talentfulle elevar til vidare utvikling (kap 6.1).

Konkret vil Stord kommune framheva desse punkta:

- Utvalet foreslår ei føresegn til loven (vedlegg A i rapporten) der det m.a. blir fastsett ein maksimalpris på kr 2000,-. Ein føresetnad for dette er at det vert gitt statlege midlar til ei fordeling som i tillegg til å gå til generell styrking, reduksjon av ventelister og må kompensera for reduksjon i pris.
- Utvikling av feltet må ikkje berre gjelde småskulealder, men gjelde i heile barne- og ungdomsperioden.
- Det må lagast smidige ordningar som gjer kulturskuleundervisning i skuletid enklare.
- Det må leggjast betre til rette for kombinerte stillingar, for å kunne lage store stillingar og med det sikre kompetanse lokalt.
- Det blir føreslått ei todelt tilskotsordning: utviklingsmidlar etter søknad, og stimuleringsmidlar til alle etter ein fordelingsnøkkel, for å nå målsetjinga om minst 30% av grunnskuleelevane i kulturskulen. Ei ordning med utviklingsmidlar kan vera positivt for nytenking og utviklingsarbeid, men forsøksordningar har ofte ein tendens til å forsvinne etter at forsøksperioden er over. Me meiner difor at ei kvalitetssikra og likeverdig utvikling av kulturskulen ikkje kan basere seg på ei ordning med utviklingsmidlar.
- Dokumentasjon og forskning må vektleggjast.
- Rapporten skaper forventning om eit auka nasjonalt fokus slik at kommunane får naudsynt støtte til å utvikle kulturskulen vidare.
- Det må utarbeidast nasjonale forskrifter for kulturskulen.

Framlegg til vedtak

Komiteen sluttar seg til høyringsuttalen slik den ligg føre i saksutgreiinga..